


**VIL AUTOMISERE BRUBYGGINGA:** ProdteX har gjort det som sitt mål å produsere stålbruer med hjelp av automasjon og lasersveising. Dette må til for å kunne drive konkurransedyktig produksjon på norsk jord, meiner dei. FOTO: PRODTEx

● Lanserte nye brubygge-metodar:

# Kan bli nytta på Nerlandsøybrua

**Møre og Romsdal** fylkeskommune har inngått avtalar om to innovasjonsprosjekt for bygging av bruer i framtida. Fredag vart prosjekta sparka i gang og to nye brubygge-metodikkar vart presentert. Ein av dei kan bli brukt på den nye Nerlandsøybrua, og i tur Remøybrua.



**FABRIKK PÅ FISKÅ:** Slik blir ProdteX sin fabrikk på Fiskå. FOTO: PRODTEx

Dei som kjenner saka med Nerlandsøybrua vil nok hugse at det parallelt med ny bru, med 7 prosent stigning og vegklasse Hø1, vert jobba med to innovasjonsprosjekt som skal gjere brubygging mindre ressurskrevjande enn med dagens løysingar. Fredag 2. oktober markerte starten for desse innovasjonsprosjekta, då ProdteX AS saman med dr. techn. Olav Olsen AS, og Aas-Jakobsen AS presenterte løysingane dei skal jobbe vidare med.

Innleiingsvis må vi gjere det klart at det ikkje er gitt at den eine eller andre framgangsmåten vert nytta til den nye Nerlandsøybrua. I avtalen med dei to aktørane ligg ein opsjon om å bruke teknologien i bygginga av ny bru til Nerlandsøya. Dei skal jobbe med teknologiutvikling i 2021, samtidig som fylkeskommunen prosjekterer ny Nerlandsøybru med kjent teknologi før det blir gjort eit val om det er aktuelt å utløse opsjonen.

## Treng mange nye bruer

Grunnen til at det no er sett i gang innovasjonsprosjekt er at fleire bruer i vårt fylke nærmar seg slutten på levetida si. Det er over 800 vegbruer på fylkesvegnettet i **Møre og Romsdal**. Ei nasjonal målsetting om 100 års levetid på bruer kom først rundt 1990 og førte til strengare krav til kvaliteten på betongen og omsyn til miljøet konstruksjonane står i. Dei strenge krava gjeld ikkje for bruer som blei bygde mellom 1960 og 1990. Regelverket på den tida la til grunn ei levetid på 50–60 år. 60 prosent av bruene på fylkesvegnettet i **Møre og Romsdal** er bygd i dette tidsrommet. Deriblant finn vi Nerlandsøybrua og Remøybrua lokalt.

– Det er viktig at vi finn nye løysingar på korleis vi kan bygge bruer betre, raskare og billigare slik at vi får auka kompetansen i næringslivet, og får meir **samferdsel** ut av pengane, seier **Kristin Sørheim** som leiar **samferdselsutvalet** i

**Møre og Romsdal** fylkeskommune i ei pressemelding.

## Vil automatisere brubygging på Fiskå

Det fyrste firmaet som deltek i prosjektet med eit klart mål om å finne nye, effektive måtar å bygge bru på, er Ulstein-baserte ProdteX AS i samarbeid med dr. techn. Olav Olsen AS.

– Vi ser føre oss å bruke automatisert produksjon og lasersveising for å fabrikkere bruer i stål, forklarar dagleg leiar i ProdteX Sigbjørn Nordstrand til Vestlandsnytt.

Dei er i ferd med å bygge seg opp ein fabrikk på Fiskå i **Vanylven** der dei har klare ambisjonar om å vere klare til bygging av den nye Nerlandsøybrua.

– Vi har heilt klart som mål at vår metodikk skal bli brukt på Nerlandsøybrua, seier Nordstrand.

Fordelane han ser med deira metodikk er at ein gjennom automasjonsteknologi blir konkurransedyktig med utanland-



**BETONG-SEGMENT:** Her er eit døme på metoden som Aas Jakobsen ønskjer å ta i bruk i Noreg. FOTO: AAS-JAKOBSEN

ske leverandørar, der sveising blir gjort manuelt. Med robotar og lasersveising av bruelement vil ein kunne ta tilbake produksjonen nasjonalt, og i dette tilfellet vert produksjonen endåtil kortreist. Det gir i tur ringvernadar samfunnsøkonomisk.

– Det har elles eit klart miljøaspekt ved seg, og ein sparar tid og pengar på transport, avsluttar Nordstrand.

## Prefabrikkerte betongelement

Det andre firmaet som jobbar med ein metodikk for korleis ein kan bygge bruer for framtida er Aas-Jakobsen AS. Stein **Fergestad**, oppdragsansvarleg i dette firmaet, opplyser at deira løysing handlar om å prefabrikkere betongelement til ei bru på fabrikk. Løyinga er kjent, men lite brukt i norsk samanheng. Det har vore diskutert, men regelverket er mangelfullt og det trengst et stort løft for å prosjektere ei slik bru i Norge.

– Vi vil i større grad industrialisere produksjonen av betong-

bruelement. Ved å bruke prefabrikkerte element kan vi sikre at kvaliteten blir betre, noko som vil gjere at levetida og vedlikehaldskostnadane vil bli lågare, forklarar **Fergestad** til Vestlandsnytt.

Sjølve materialkostnaden blir den same, men Aas-Jakobsen AS reknar ein med ein repetisjonseffekt som vil kunne minimere tidsbruken. Tid spart er pengar spart.

– Til slutt vil ein ved ei slik form for brubygging minimere tidsbruken på staden der ein faktisk bygger brua. I staden for å bruke to-tre veker per spenn i overbygget, kan ein redusere dette til tre dagar. På kysten, med utfordrande vær kan dette vere veldig viktig og sparsamt. Korleis dette kan implementerast med tanke på Nerlandsøybrua er for tidleg å seie på noverande tidspunkt for vår del, avsluttar **Fergestad**.

**BJORNAR SÆVIK**  
bjornar@vestlandsnytt.no